



Alver kommune  
Att:  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

## Alver kommune - Kommuneplanen sin arealdel - Kunngjering av planoppstart, høyring og offentlig ettersyn av planprogrammet og innspelsperiode for planarbeidet - Uttale

Vi syner til brev frå Alver kommune datert 21.06.22.

Fiskeridirektoratet er styresmaktene sitt rådgjevande og utøvande organ innan fiskeri- og havbruksforvaltninga. I saker som får følge for desse næringane, er det vårt ansvar å sikre deira interesser samstundes som vi skal sikre omsynet til det marine biologiske mangfaldet. Dei marine leve- og oppvekstområda, som til dømes gytefelt, er særleg viktige å ta vare på, slik at komande generasjonar også kan hauste frå havet.

### Føremål og planstatus

Etter kommunesamanslåinga er Alver no i gong med arbeidet med ny kommuneplan. Kommuneplanen skal erstatte dei seks kommunedelplanane som er gjeldande. Samfunnsdelen er allereie vedteken, og no er det arealdelen til kommuneplanen som står for tur. Kommuneplanen sin arealdel skal bidra til at det er godt og attraktivt å leve, bu, arbeide og skape verdiar i Alver kommune. For sjøareala i kommunen har Alver kommune slutta seg til prosessen med interkommunalt plansamarbeid om sjøareala i Nordhordland. I den interkommunale planen skal det fastsettast juridisk bindande arealbruk med føresegn og retningslinjer.

Planprogrammet gir et overblikk over kva tema som skal utgreiast, og kva type innspel kommunen ønskjer.

### Fiskeridirektoratet region Vest sine innspel

Planprogrammet gir eit oversiktelig bilete av kva mål og visjonar kommunen har, og korleis dei skal oppnå dette. Planprosessen opnar for brei medverknad, og vårt inntrykk er at planen vil ivareta [Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging](#) på ein god måte. Vi ser særleg positivt på at Alver kommune har inkludert FN sine berekraftsmål i utarbeiding av kommuneplan.

Vi registrerer at det på dette tidspunktet ikkje vert opna opp for å vurdere innspel på akvakultur og fiskeri i sjø i planarbeidet ettersom Alver kommune sine sjøareal vert fastsett i pågåande arbeid med Interkommunal plan for sjøareal. Dei ønskjer likevel innspel på mellom anna fellesareal i strandsona for fritid og rekreasjon, nye og utviding av eksisterande næringsområde, og nye nausttomter i eksisterande naustområde.

### *Småbåthamn*

Tabell 6 i planprogrammet gir ein oversikt over spesifikke arealformål som kreve særskilte vurderingar. Eit av punkta er strandsona, herunder småbåthamn.

På oppdrag frå Miljødirektoratet utarbeida COWI AS i 2017 fagrapporten [Miljøvennlige småbåthavner](#). Rapporten seier mellom anna at miljøundersøkingar under eksisterande småbåthamner har synt at sediment, grunnmassar, sandfangmassar og lause massar som ligg på opplagsplassar er sterkt forureina av mellom anna kobbar, sink og TBT. I tillegg er utslepp av drivstoff, olje, botnstoff og maling med på å forureine. Rapporten inneheld generelle retningslinjer for drift og utvikling av småbåthamner for å gjere dei meir miljøvenlege. Vi oppmodar tiltakshavar til å nytte desse retningslinjene.

I tillegg syner vi til CIENS-rapport: 2-2011 «[Helhetlig planlegging og utvikling av miljøvennlige småbåthavner. Kunnskapsstatus](#)» som gir ei rekkje råd om korleis negativ miljøpåverknad frå småbåthamner kan avgrensast:

### Lokalisering

- Småbåthamner må planleggast slik at dei ikkje avgrensar naturleg sirkulasjon styrt av tidevatn eller straum
- Området bør ha god utskifting av vatn og god vassdjup under bryggeanlegget.
- Unngå plassering over/nær viktige marine naturtypar som ålegrasenger eller andre sårbare naturtypar, viktige områder med blautbotn i strandsona, og lokalitetar med sårbare og trua artar på land.
- Det bør vere stor nok avstand til kjente gyteplassar og fiske/skjelanlegg i sjøen

### Utforming

- Innlaup og bryggeanlegg må planleggast slik at dei opprettheld vassirkulasjonen maksimalt. Det kan vere naudsynt med meir enn eitt innlaup.
- Flytebrygger, bølgebrytarar og molo må ha opningar som sørgjer for vassirkulasjon. Bryggene bør også ha passasje mot land der vatnet kan strøyme forbi.
- For nye båthamner eller ved utvidingar av eksisterande båthamner bør ei open løysing veljast.
- Bølgjedemparar eller bølgebrytarar bør nyttast framfor å legge hamna i veldig skjerma områder.

### Drift

- Det må etablerast rutinar for oppsamling av miljøfarleg avfall ved vedlikehald.
- Det bør vere tilbod om alternative metodar for miljøvenleg vedlikehald av båt.
- Det bør vere eit avgrensa område for vedlikehald av båt og vask, med lukka vassystem og oppsamlingskummar slik at miljøfarlege stoff ikkje kjem ut i det marine miljø eller avlaupssystemet.
- Større reparasjonar, sandblåsing etc. bør skje innandørs i hall.
- Ein må ha vaskestasjon for båtar slik at bruk av midlar som skal hindre tilgroing kan unngåast/reduserast.
- Lett tilgjengeleg tømmestasjon for båtoaletter.



Fiskeridirektoratet ber om at råda ovanfor vert følgt der det er relevant, og at det takast med i føresegnene til planen. Ved å følge desse råda vil dei negative konsekvensane av småbåtanlegg i sjøen bli redusert. Vi rådar vidare til at det vert utarbeida reglar for båthamnområdet, som sikrar omsyna nemnde her.

### **Fiskeridirektoratet si kartløyising Yggdrasil**

På heimesida vår [www.fiskeridir.no](http://www.fiskeridir.no) finn ein også kartløyisinga [Yggdrasil](#) som inneheld fleire relevante datasett for planlegging i kystsona. Sjølv om kommunen på dette tidspunktet ikkje ønskjer innspel til akvakultuer eller fiskeri, kan kartverktøyet vere til hjelp ved planlegging i strandsona både med tanke på næringsutvikling i nærleiken av sjø, naustutbygging og småbåthamn. Kartverktøyet inneheld både data frå

Fiskeridirektoratet og andre etatar. Det er enkelt å søke opp relevant informasjon, vise data i kart og tabell, lage og dele kart over sjøområda og laste ned data i forskjellige filformat. Blant datasetta ein finn i Yggdrasil er Kystnære fiskeridata, Marint biologisk mangfald og Akvakulturregisteret (stadfesting og NYTEK). Under skildrar vi kort kva dei ulike datasetta inneheld.

#### *Kystnære fiskeridata*

Fiskeridirektoratet har samla inn data om kystnært fiskeri sidan tidleg 80-talet, og data har vore henta inn gjennom intervju med fiskarlag og lokale fiskarar. I tillegg til informasjon om geografisk område, inneheld Yggdrasil opplysingar om kva artar det vert fiska etter, kva reiskap som vert nytta og tid på året det vert fiska. Fiskeridirektoratet har også kartlagt gyteområder. Under Kystnære fiskeridata finn ein også kartlaget Gytefelt torsk MB som er registrert av Havforskningsinstituttet (HI). Dette er gytefelt for kysttorsk og registreringane er i hovudsak basert på bevegelse av egg og straummodellar. Det er stor grad av samsvar mellom Fiskeridirektoratet sine data henta inn gjennom intervjumetode, og HI sine registreringar som er basert på marinbiologisk forskning.

#### *Marint biologisk mangfald*

Marine naturtyper etter DN håndbok 19 - Kartlegging av marint biologisk mangfald;

- Alle områder
- Tareskogforekomster
- Sterke tidevannsstrømmer
- Fjorder med lavt oksygeninnhold
- Poller og dype fjorder
- Litoralbasseng
- Bløtbunnsområder
- Ålegras
- Skjellsand

#### *Akvakulturregisteret*

Godkjente lokalitetar for å drive akvakultur med ulike artar og føremål som er registrert i akvakulturregisteret.

#### *Stadfesting – Akvakulturregisteret*

Flate for akvakulturlokaliteter i medhald av Akvakulturregisteret, dvs. korleis anlegget har lov til å vere plassert, ikkje nødvendigvis den faktiske plasseringa.

#### *Stadfesting – NYTEK*



Akkrediterte inspeksjonsorgan utsteder anleggssertifikat for akvakulturanlegg. Her finn ein data om faktisk plassering av anlegg med følgjande detaljer: plassering ytterpunkt, fortøyingsliner, flåte senterpunkt, flåte fortøyingsliner - strømmålingspunkt. Vi gjer merksam på at NYTEK-data ikkje er kvalitetskontrollert.

For raskt å kunne finne fram til det ein er ute etter, tilbyr ein tre brukargrensesnitt til Yggdrasil: Fiskeri, akvakultur og plan. Nokon av karta vil du finne fleire stadar.

- [Temakart for fiskeri i kartverktøyet Yggdrasil](#)
- [Temakart for akvakultur i kartverktøyet Yggdrasil](#)
- [Temakart for plan i kartverktøyet Yggdrasil](#)

Vi ber om få vidare plan på høyring når han er klar for offentlig ettersyn.

Med helsing

Anne Therese Alnæs Horn  
konstituert seksjonssjef

Charlotte Skeide Norseng  
rådgiver

*Brevet er godkjent elektronisk og vert sendt utan handskriven underskrift.*



**Mottakarliste:**

Alver kommune

Postboks 4

5906

FREKHAUG

**Kopi til:**

Fiskarlaget Vest

Kystverket

Mattilsynet

Vestland Fylkeskommune

Slottsgaten 3

Postboks 1502

Felles postmottak

Postboks 383

Postboks 7900

5003

6025

2381

5020

Bergen

Ålesund

Brumunddal

Bergen

